

Å FORTELJE, Å FORKLARE OG Å TENKE HISTORISK

Ingar Kaldal

HISTORISK TIDSSKRIFT 1/1993 - ISSN 0018-263x

Kva har historie og forteljing med kvarandre å gjera, bortsett frå at historikaren formidlar resultata av forskninga si ved å fortelje om dei? Kan noe forteljande óg seiast å ligge i måten historisk kunnskap og forståing blir etablert på, eller i måten ein som historikar forklarer sine fenomen på? Korleis kan det forteljande ved ei historisk forklaring i så fall foreinast med krav om teoretisk refleksjon og klårleik? Og kva inneber det for høvet til å kunne diskutere og avgjera kva som er den rettaste historia om noe? Dette er spørsmål denne artikkelen tek opp.

I seinare år har det forteljande komme i vinden att i historiefaget, og det på to måtar. For det første har «forteljande historie» i konvensjonell forstand, som ein bestemt stil og framstillingsmåte, fått ein renessanse. For det andre er fleire vorte opptekne av kva det forteljande, eller narrative som det er vorte heitande, også kan ha å gjera med sjølve grunnlaget for historiefaget og den kunnskap og tenkemåte det bygger på. Her skal det handle først og fremst om det siste, om forteljing, forklaring og teori, men også litt om det første, om form og estetikk. Dei to spørsmåla kan haldast frå kvarandre, men trulig finst det óg samband mellom dei.

Først (I) skal eg gi noen inntrykk av den aukande historikarinteressa for det forteljande. Så (II) skal eg presentere ei oppfatning som går ut på å sjå det narrative som vesentlig trekk ved det å tenke og forklare historisk. Ei viktig presisering er da at «forklare» her blir brukt i vid meining, om det å analysere noe så det blir begripelig i sine samanhengar – ikkje som «forklare» i motsetning til «forstå» i den kjente «Erklären-Verstehen»-problematikken. Ei anna nødvendig presisering alt no er at «forteljande» i denne samanhengen ikkje skal bety deskriptiv og usamanhengande framstilling om laust og fast, slik det lett blir oppfatta. Her skal «forteljande» tvert imot stå for ein i høgste grad *strukturert* og *samanhengende* måte å begripeliggjera noe på – der ein *forteljar* fører lesaren fra *start* til *slutt* i ei historie, og det utan unødig utanomsnakk langs ein *klår tråd* som held historia saman. Ved nærmare ettertanke vil trulig dei fleste kunne vera med på at det er *det* som eigentlig *er* å fortelje – til forskjell frå jabb, snakk og ymse usamanhengande ordbruk. Det synet på det narrative som her vil bli utlagt, bygger elles i stor grad på den tyske historieteoretikaren Jörn Rüsen, med noe utfylling frå ei førebels spe lesing i ein etter kvart omfattande internasjonal litteratur om emnet. Spesiell vekt (III) vil bli lagt på spørsmålet om korleis det forteljande kan foreinast med eit aktivt, medvite og eksplisitt forhold til teori. Så

(IV) skal det skisserast noen problem som reiser seg ved det narrative – eller rettare: ved noen variantar av det, for det er ikkje snakk om eitt einsarta konsept. Til slutt (V) konkluderer eg med at emnet inneheld mye som må tenkast meir igjennom, men at det ser ut til å finnast måtar å sjå det forteljande som vesentlig i historiefaget på, som bør kunne roe voktarane av teoretisk medvit i lauget.

I

I 1991 tok Francis Sejersted til orde for ei «rehabilitering» av politisk historie. I den samanhengen såg han ein grunn til optimisme nettopp i renessansen for det narrative. Det var nemlig den politiske historia som sto i sentrum i historiefaget sin barndom, da også det narrative enno var historikaren sin godtekne arbeidsmåte, før både narrativ og politisk historie vart sett til side, endra eller som Sejersted seier, «detronisert», i møtet med framveksande samfunnsvitskap.¹

Men minst like sterkt som i politisk historie har ei interesse for noe forteljande komme att innan sosial og kulturell historie, der óg delvis som reaksjon mot det mange har følt som overdriven bruk av samfunnsvitskaplige analyse- og framstillingsmåtar. Eit eksempel er tysk «Alltagsgeschichte». Mye av det som er skrive under det merket, er prega av ønsket om å få sterkare fram dei menneskelige erfaringane og opplevingane. Dei vart lett borte i den strukturorienterte «Gesellschaftsgeschichte»-skrivinga som dominerte tysk sosialhistorie på 1970-talet. Ei løysing vart da for noen å skrive meir om dagliglivet til «vanlige menneske» – og å fortelje om det på ein innlevande måte. Mot dette har blant andre Jürgen Kocka, sentral innan den «samfunnshistoriske» retninga, slege hardt tilbake. Han skuldar Alltags-historikarane for å ville «zurück zur Erzählung» – og meiner med det bort frå teori, analyse og argumentasjon.² Liknande debattar har utspelt seg i fleire land. I England gjorde sosialhistorikaren Lawrence Stone i 1979 forteljinga nærmast til slagord i artikkelen «Revival of narrative».³ Forteljing er for noen vorte program, for andre noe å åtvare mot.

I Noreg tok Kåre Lunden i 1989 eit oppgjer med det han kalte «postmodernisme» i historieskrivinga. Mest av det fann han i retningar som han samla under merkelappen «petite histoire», blant anna kvinnehistorie og dagliglivshistorie. Den viktigaste skuldinga gjekk på manglande bruk av teori, særleg av det slaget som han kalla «stor» teori. Men i same oppvasken tok han med «den bylgja som vil framstille historia som 'narrasjon'».⁴

1 F. Sejersted, *Politikk og kultur*. Foredrag ved den nordiske metodekonferanse på Island 17. - 21. august (Foreløpig manus) 1991:1 og 6.

2 J. Kocka, *Zurück zur Erzählung? Plädoyer für historische Argumentation*. I *Geschichte und Gesellschaft* 3/1984.

3 L. Stone, *The Revival of Narrative. Reflections on a New Old History*, i *Past and Present* 85/1979.

4 K. Lunden, «Postmodernistisk» historie, eller systemhistorie? i *Historisk Tidsskrift* 1/1989.

Fleire liknande diskusjonar kallar på opprydding i kva ein eigentlig har å gjera med. Elles kan det lett bli liggande att eit inntrykk av at det finst bortimot nødvendige samanhengar mellom for det første aukande interesse for dagligliv og kultur, for det andre ei vending bort frå teori, og for det tredje ei tilslutning til noe «forteljande». At studiet av dagligliv sjølsagt krev teoretisk refleksjon minst like mye som noe anna historisk emne, let eg ligge. Spørsmålet her er om det teoretiske kan foreinast med det forteljande.

At forteljing og teori ikkje går godt i hop, er ei utbreidd oppfatning i fleire historiemiljø. Mange tenker slik at ein historikar gjerne er forteljande i stilten og fattig på teori, eller omvendt: det er lett å la seg lure til å tru at vanskelig språk og kronglut stil tyder på teoretisk nivå. Blant lokalhistorikarar har det vore ei oppfatning at når ein skriv for «vanlig folk», bør ein halde det teoretiske enten utanfor eller skjule det best mulig, fordi «det teoretiske» stirr mot «det folkelige».⁵ Sjølsagt finst det emne som er meir kompliserte enn andre, og som heller ikkje kan forklarast og framstilla anna enn som kompliserte. Språk og form må veljast ut frå både emne og målgruppe. Men svært ofte er det utan god grunn når historikarar vegrar seg mot teori og grunngir det med ønske om å skrive så folk forstår. Mi meining er at det ikkje er ved å «skjule teorien» men ved å gjera den uttrykt og tilgjengelig etter beste pedagogiske og språklige evner at ein forklarer godt og spennande.

I seinare år har fleire historikarar som nemnt vorte interesserte i det narrative også på andre måtar enn som spørsmål om språk, stil og form. Forteljinga blir da ikkje sett som berre ein måte å framstille resultata av forskninga på, altså som noe utvendig og instrumentelt i forhold til erkjenningsprosessen, men som grunnleggande nettopp i den historiske måten å tenke på. Og det gjeld ikkje berre når historia blir framstilt i ein utprega «forteljande» stil, med litterære knep, metaforar, illustrerande bilde og det heile. Noen meiner det gjeld for all historieskriving som med noen rimelig rett kan kallast så.⁶ Korleis kan det argumenterast for det?

II

Eit syn på forholdet mellom forteljing og historie er det Hayden White gjerne blir sett som hovudekspONENT for. Han ser historie rett og slett som litteratur. Og han meiner historikaren skaper mening og forståing på same måte som den skjønnlitterære forfattaren, gjennom det litterære grepet han vel å gi ei historie.⁷

5 I. Kaldal, Faget og folket. Ulykkelig kjærleik og ødeleggande krangsel, i *Heimen* 1/1989.

6 N. Fulsås, Forteljing og historie, i *Studier i historisk metode* 20/1989: 47.

7 H. White, The Structure of Historical Narrative, i *Clio* 1/1972 og H. White, Das Problem der Erzählung in der modernen Geschichtstheorie, i P. Rossi (Hg.) *Theorie der modernen Geschichtsschreibung*. Frankfurt 1987.

Andre har trekt skarpere skilje mellom historie og kunst, for ikkje å seie fiksjon, men like fullt sett det narrative som vesentlig ved det å skrive historie.⁸

Ein som har prøvd å argumentere for det forteljande som grunnleggande særtrekk ved det å tenke historisk, er Jörn Rüsen. Som fleire narrativ-teoretikarar viser han tilbake til Arthur Danto som på 1960-talet kom til at den spesifikt historiske forklaringa var narrativ. Avgjerande for Danto var at det ein historikar var ute etter å forklare, ikkje var enkelthendingar, men heile prosessar som førte frå ein historisk situasjon til ein ny situasjon. Ei enkelt hending kunne for Danto godt forklarast ved hjelp av ein generell lov. Og slike «atomære» forklaringar kunne kjedast saman til «molekylære» strukturar, sekvensar av enkelthendingar – som altså gjerne kvar for seg kunne forklarast ved hjelp av generelle lovar. Men sjølv forklaringa av heile den bestemte historiske prosessen frå ein situasjon til ein annan, fann Danto vanskelig å få plass til innafor ein covering-law-modell. Eit eksempel kan få det til å hørast nærmast opplagt ut: Ei forklaring av den russiske revolusjonen kan aldri reduserast til ein generell lov om revolusjonar. Ei forklaring av den må få fram betydninga av det som verkelig skjedde i den bestemte prosessen, også korleis meir eller mindre tilfeldige samantreff og avgjerder undervegs kan ha verka inn på utfallet.

Det er dette Jörn Rüsen har følgt opp til ein teori om at det er først i forteljinga det spesifikt historiske i ei forklaring får ein rettmessig plass. I det ligg inga avvising av å bruke generelle lovar eller intensjonale forklaringar, men ein påstand om at *meir* enn dei må med for å gjera ei forklaring *historisk*. Ottar Dahl har vore inne på det same:

«Spør man f.eks. hvorfor nazismen kom til makten i Tyskland, kan man bare antydningsvis svare med en enkel årsaksformel, den egentlige forklaring går ut på å gjøre nærmere rede for hva som skjedde».

Han óg går langt i å hevde at det å forklare i seg sjøl er å fortelje. Med støtte hos Paul Veyne seier han at

«spesielle videregående spørsmål om 'forklaring' får sitt svar gjennom *en mer spesifisert fortelling*» (uth av OD).

Ottar Dahl tek likevel ikkje i si siste metodebok frå 1986, der dette står, steget til å hevde det narrative som sjølv *det* avgjerande særpreget ved ein spesifikt historisk tenkemåte.⁹ Og det er ikkje lett å seie sikkert kva eit slikt steg kan få å seie. For eit spørsmål som da reiser seg, er kva dette «meir» er som narrativistar meiner at forteljinga yter utover det vi er vande med å sjå som forklaringsmodellar frå metodebøkene.

8 Norske oversiktar over dette feltet finst hos G. Foss, *Historie og forteljing*, Trondheim 1989, og Fulsås 1989.

9 O. Dahl, *Problemer i historiens teori*, Oslo 1986:42.

I Rüsen si utlegging er det eit viktig poeng at det narrative ikkje på noen måte inneber fritt spelrom for «common-sense-forklaringer». Tvert imot krev det ein eigen måte å tenke både teori og begrep på. Med ankerfeste i Droysen si tese om at historiefaget si teoriorientering ikkje let seg innordne i ein nomologisk vitskapsmodell, prøver Rüsen ut frå eit narrativt konsept å vise korleis faget nettopp er «aus sich heraus in genuiner Weise theoriefähig».¹⁰ La oss sjå nærmare på korleis han argumenterer.

For Rüsen er det berre den narrative forklaringa som femner sjølve «[die] Eigenart des historischen Denkens», og det i «seinem ganzen Umfang», som han seier.¹¹ Viss ein vil forklare korleis ei økonomisk krise har oppstått, er det gjerne nyttig å vise til at visse endringar i pengemengda alltid, lovmessig, fører til inflasjon. Men det forklarer i beste fall berre inflasjonen. Når ein skal forklare det bestemte kriseforløpet, vil ein også trenge tilleggsinformasjon som ligg utanfor slike lovmessige samanhengar, f.eks. informasjon om ein nylig avslutta krigssituasjon eller om sysselsettingsforholda i samfunnet på bestemte tidspunkt. Det same gjeld i følgje Rüsen ved intensjonale forklaringar, som òg i beste fall berre kan forklare ei bestemt handling, men ikkje noe heilt historisk forløp: «Es kommt fast immer etwas anderes heraus, als jeweils beabsichtigt war».¹² Menneska ber på overskott av intensjonar, lengslar og håp som det ikkje blir noe av. Samtidig ber dei historiske forholda i seg mye ut over det menneska overskodar.

Såleis prøver Rüsen å vise at det spesifikt historiske ved ei forklaring ikkje kan uttrykkast i sin heilskap innanfor grensene til verken ein nomologisk eller ein intensjonal forklaringsmodell. Grunnen til det er ikkje at faget enno er mangelfullt og berre undervegs når det gjeld å ha utvikla lovar for alle slags historiske samanhengar. Grunnen er heller at historiske forhold er av ein slik art at dei ikkje let seg forklare t.d. berre nomologisk. Dei krev eit forteljande «tillegg» for å bli skikkelig historisk forklart. Og det er i følgje Rüsen bl.a. fordi historiske prosessar inneheldt element av *kontingens*, dvs noe tilfeldig eller ikkje-nødvendig. Dette kontingente er ikkje å oppfatte som noe restforhold som det berre er spørsmål om meir tid og forsking før ein kan forklare nomologisk, og altså eliminere som kontingen.¹³ Tvert imot går det å tenke historisk i følgje

Rüsen ut på å ta det kontingente på alvor som det det er, og må vera, som del av ei verkelig menneskelig historie.

Dette kan lett oppfattast som ein påstand om at menneskehistoria empirisk sett har bestått av tilfeldige hendingar – meir enn av klåre og faste mønster. Tolka slik er det sjølsagt urimelig. For menneska har da sant å seie handla svært mye etter nokså faste homogene og eintydige mønster.¹⁴ Men i definisjonen av «kontingens» er det grunn til å legge minst like vekt på «ikkje-nødvendig» som på «tilfeldig».¹⁵ Mye som har skjedd svært så likt og etter faste mønster, kan likevel vanskelig forklara som nødvendig. Det er derfor grunn til å tolke Rüsen slik at spørsmålet om kontingens her først og fremst handlar om korleis vi som historikarar bør innrette forklaringslyset vårt. Av det kan ein slutte at sjøl når folk har handla i flokk, gått i takt eller levd i tråd med bestemte kulturelle mønster, bør ein ikkje utan vidare gå ut i frå at det kan forklara som nødvendig – ikkje meir da enn når folk har handla i utakt. For Rüsen handlar dette også om å halde blikket ope for mennesket sine sjansar til fridom, og ikkje minst om å vera interessert i å granske kva folk har gjort ut av dei sjanske eller ikkje.

Her óg har Ottar Dahl vore inne på liknande tankar. Han seier at

«verden ikke er strengt enhetlig eller determinert, slik at alt avhenger av alt, men (...) man kan tale om en relativ *ontologisk pluralisme*, som også innebærer en relativ tilfeldighet, eller åpne muligheter. Dette synes også å være nødvendige forutsetninger for tanken om en reell frihet eller valgmulighet i menneskelige handlinger, og for tanken om det unike eller nye i enhver historisk situasjon. Disse momenter er også sentralt knyttet til spørsmålet om å 'lære av historien'» (uth av OD).¹⁶

Rüsen ser det slik at også den intensjonale forklaringsmodellen gjerne overlet det kontingente i historiske prosessar til ein slags restkategori: til omstende som enno ikkje er overskoda eller teke inn i dei handlingsrettleiande intensjonane. Såleis hamnar det kontingente utanfor feltet også for den intensjonale handlinga – og utanfor blikket til den intensjonale forklaringa.¹⁷

III

Kva følgjer kan så eit narrativt historiekonsept som skissert ovanfor få for historikaren sin omgang med teori? Og da tenker eg ikkje på dei vanskane mange ser med å uttrykke seg teoretisk i ein «forteljande» stil, konvensjonelt sett.

10 Om plasseringa av Rüsen si metodebok i forhold til Droysen, sjå omtale av boka: G. Hübinger, «Die Wissenschaftslehre der Geschichte». Geschichtstheorie im Bannkreis Droysens, i *Archiv für Sozialgeschichte*. XXVII 1988.

11 J. Rüsen, *Rekonstruktion der Vergangenheit. Grundzüge einer Historik II: Die Prinzipien der historischen Forschung*, Göttingen 1986: 40 og 44.

12 Ibid: 35.

13 Dette strir mot Lunden sin argumentasjon for at forklaring av noe er «å gjere slutt på at det framstår som kontingen, dvs. å klårliggje dei regelmessige, lovbindne samanhengar fenomenet står i...». K. Lunden, Fragment og samanheng i historiske teoriar, i *Nytt Norsk Tidsskrift* 2/1992:197.

14 K. Kjeldstadli, *Fortiden er ikke hva den en gang var*, Oslo 1992:119.

15 Men at begge tolkingar kan sjåast som relevante, går fram av F.R. Ankersmit, Review Essay, Jörn Rüsen: *Rekonstruktion der Vergangenheit*, i *History and Theory*, XXVII 1989: 89f.

16 Dahl 1986: 51.

17 Rüsen 1986: 42f.

Spørsmålet dreier seg heller om kva rolle det teoretiske kan spele i historiske analysar der sjølve tenkemåten i sitt vesen blir sett som noe forteljande, og der det ikkje-nødvendige nærmast programmatisk er tiltenkt ein avgjerande plass. Kva treng ein teori til da, og kva slags teori og begrep treng ein i så fall?

Dette er brennbart, blant anna fordi fleire sentrale norske historikarar i det siste har teke til orde for meir teori og syntese i historieskrivinga.¹⁸ Men kva er teori og syntese? Det blir ofte sett som samanfattande utsegn om noe *stort* i tid og omfang, eller som *generalisering*. Når Einar Niemi har komme til at lokalhistoria treng «sterkere og mer bevisst teoriorientering», er det interessant å sjå at han i same slengen meiner at

«En teori er i streng forstand et sett av *lovlignende generaliseringer* som aktiviseres for å forklare bestemte historiske forløp» (uth av EN).

Og han ser bruk av teori som noe som trengst mindre i idiografisk enn i generalisering historieskriving.¹⁹

Både når det gjeld teori som noe «stort» og teori som generalisering, har Ottar Dahl hevda viktige synspunkt. Han meiner det kan dreie seg om «teoretisk struktur (...) i og for seg uavhengig av tematisk omfang». Han er skeptisk til å

«identifisere 'syntetiske' framstillinger eller teorier med 'store' emner i kvantitativ, geografisk eller kronologisk forstand. Og det er klart nok at omfattende emner kan behandles på en usammenhengende deskriptiv måte som er langt fra en 'syntese', og emner som stofflig sett er sterkt begrenset, kan behandles i et omfattende teoretisk perspektiv».²⁰

Når det gjeld forholdet mellom teori og generalisering, har Dahl skrive at

«Et fenomen kan (...) beskrives mer eller mindre generaliserende eller individualiserende. Det er her *i alle tilfelle* tale om en beskrivelse ved hjelp av *almene begreper*» (mine uth).²¹

Spørsmålet om teori treng altså ikkje gjerast til spørsmål om generalisering eller ikkje. Det er verdt å merke seg at heller ikkje Jürgen Kocka gjer det når han definerer «teori» som

«explizite und konsistente Begriffs- und Kategoriensysteme, die der Identifikation, Erschliessung und Erklärung von bestimmten zu untersuchenden historischen Gegeständen dienen sollen und sich nicht hinreichend aus den Quellen ergeben, nicht aus diesen abgeleitet werden können».²²

Francis Sejersted har også teke til orde for meir teori og syntese i historieskrivinga, på sin måte:

«Konstruksjonen er målet og hensikten med faget. Det er den gode konstruksjon som viser sammenhengen mellom de historiske fenomener, som gir historien mening, og som dermed legitimerer faget sosialt».²³

Det han meiner skal konstruerast, er «store sammenhenger» og syntesar. I så måte ser han Ernst Sars som «den kanskje største syntetiker i norsk tradisjon» (og Koht som den «siste»).²⁴ Narve Fulsås har tolka den same Sars inn i ein narrativistisk posisjon, fordi det han skreiv i «Udsigt», passer godt inn i ein Hayden White-aktig måte å konstruere historia på som narrativt «plot» (om «plot» sjå nedanfor).²⁵ Dette peiker igjen i retning av at forteljing og teori – begge delar i viss forstand – ikkje treng sjåast som motsetningar, men at dei kan foreinast. Framleis er likevel lite sagt om kva slags teori det i så fall vil dreie seg om.

Med slik vekt som Jörn Rüsen legg på det kontingente, seier det seg sjøl at han ikkje tenker seg den spesifikt historiske teorien som utsegn av typen «covering-law». Slike kan komme inn som hjelperedskapar i analysen, og der opnar Rüsen for å tildele dei viktige roller, men dei kan aldri forklare ein heil historisk situasjon. Det han meiner dei bidreg til å forklare, er også nettopp slikt som *ikkje* hører til det spesifikt historiske. Derfor bør den historiske forklaringa heller ikkje ha som sjølve hovudmålet sitt å komme næraast mulig generelle lovar. Same kor nyttige utsegner om generelle og lovmessige samanhengar kan vera i analysen, så må dei aldri blandast saman med sjølve *den historiske* teorien om noe, meiner Rüsen. Ein historikar ville aldri finne på å forklare sjølve industrialiseringa med ein generell lov, sjøl om det i oppbygginga av ei slik forklaring ville vera både vanskelig og dumt å ikkje skulle hjelpe seg med teoretiske utsegner om meir eller mindre lovmessige samanhengar, slik dei t.d. kan ha vorte formulert i økonomifaget.

Enda ein gong meiner Rüsen at det same gjeld for intensionale forklaringar. Å tolke meining og å avdekke motiv og grunnar vil alltid vera både nyttig og uunnværlig så lenge det er snakk om menneskelige handlingar. Men det å

18 Lunden 1989 og 1992, F. Sejersted, Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene – Et oppgjør med den metodologiske individualisme, i *Historisk Tidsskrift* 4/1989 og E. Niemi, Har lokalhistorien behov for en teori? i L. Marthinsen og H. Winge, *Bygdesamfunnet – en sammensatt helhet*. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo 1991.

19 Niemi 1991:10.

20 O. Dahl, Teoristrid i norsk historievitenskap, i *Nytt Norsk Tidsskrift* 3/1991: 267 og 274.

21 O. Dahl, *Grunntrekk i historiens metodelære*. Oslo 1967: 21.

22 J. Kocka, Theorien in der Praxis des Historikers, *Geschichte und Gesellschaft*, Sonderheft 3, 1977:10.

23 Sejersted 1989: 411.

24 Ibid: 397.

25 N. Fulsås, National-historical Synthesis as a Function of Narrative 'Emplotment' in J.E. Sars' 'Udsigt'. i *Bericht über das 4. deutsch-norwegische Historikertreffen in Berlin, Mai 1989*, NAVF/Stifterverband für die deutsche Wissenschaft 1989.

formulere intensionale forklaringar femner heller ikkje heile målet med ein historisk teori. Tolking av motiv, meinung og intension er ikkje nok til å fange inn det spesifikt historiske i ein prosess. Heller ikkje ein teori om kva motiv eller meinung som ligg bak ei handling, må derfor i følgje Rüsens blandast saman med ein historisk teori om korleis eit bestemt historisk fenomen har utvikla seg. Ein slik teori må vera i stand til å gjera begripelig meir fullstendig korleis ein heil historisk situasjon er oppstått eller vorte endra.

Så langt er mest sagt om kva som *ikkje* er historisk teori i eigentlig og fullstendig forstand. Kva er så historisk teori, viss den på eit grunnleggande plan også skal ha med noe forteljande å gjera? For å kalle ei framstilling av noe som har skjedd, forteljing, må ho, slik som definert innleiingsvis, vera ordna etter *ein klår tråd*. Den må gjera ho mulig å følgje til ei eller anna erkjenning om t.d. kva, korleis eller kvifor noe har skjedd. Eigentlig gjeld det forteljingar generelt, ikkje berre slike med historisk og vitskaplig innhald. Ei forteljing krev alltid ei ordnande hand som tilfører ho ein eller annan slags konsistens, logikk eller samanheng, og som på eit eller anna nivå bygger på teoretisk medvit og refleksjon. Som apropos til skremslar om «postmodernisme» som av og til kjem fram i debattar om narrativisme: Berre den som dyrkar kaoset i sine eigne tankar, vil vera motvillig til å bruke teoretiske begrep for å gjera forståelig og ordna i tanken eit elles komplekst, uoversiktig og uforståelig forhold (heller ikkje den som vil begripe det som har vore av verkelig kaos i historia, kjem langt utan teoretiske begrep som gjer det kaotiske på ein eller annan måte begripelig i sin eigen tanke – igjen er det viktig å ikkje forveksle orden i ein historisk situasjon og orden i ein historikar sitt hovud).

Å skrive historie kan aldri gå ut på å «gjenskape» fortida «slik ho var», i alle fall ikkje slik at ein leser kan gjenoppleva ho som eit slags fortidshus der alle detaljar og vinklar og alle lyse og mørke krokar framstår akkurat slik dei vart sett meir eller mindre klårt av fortidsmenneska. Det ville vera både umulig og uønskelig. For det første finst verken kjelder eller metodar som kan gi ein slik direkte tilgang til fortida sine opplevingar. For det andre bør ingen historikar prøve å komme unna at det han eller ho driv med, på eit vis handlar om å vera «etterpåklok» eller betre: «etterpåklokare», fordi ein rett og slett lever *etter* fortida og bl.a. veit korleis saker og ting kom til å gå. Sjøl om kjeldene kanskje etterlet det meste av fortida mørkare og tausare for oss enn kva det var for fortida sine menneske (same kor gode kjelder kan vi aldri sjå det dei såg akkurat slik dei såg det), så har vi i kraft av å vera etterkomstrar likevel høve til å opne og kaste lys over vesentlige rom som da var lukka eller mørke. Var det ikkje slik, ville historiefaget gå ut på å hugse fortida mest mulig slik folk den gongen *trudde* ho var. Såleis er det óg både illusorisk og ufruktbart å ha som program at ein vil skrive historie på fortida sine premissar, eller på bestemte grupper eller samfunn sine premissar.²⁶ Same kva ein prøver, vil premissane vera historikaren sine eigne, og dei bør vera det. Det gjeld

26 Jmf. den norske debatten om å skrive lokalhistorie på lokalsamfunnet sine premissar.

óg dei begrepa og teoriane historikaren bruker til å forklare historia. Dette strir ikkje mot kravet om å streve etter å gi eit mest mulig riktig bilde av den tida ein skriv om. Poenget her er at *historiske* begrep ikkje må forvekslast med *historia sine* begrep, dei siste hører til fortida, dei første hører til historikaren. Vidare: «*Historia*» i betydninga den fortidsverda fortidsmenneska levde i, må ikkje forvekslast med den «*historia*» historikaren lagar, som forteljing *om* fortida.

Historikaren sine begrep bør vera laga slik at dei får fram både *det historisk spesifikke* ved ei bestemt tid og det ein i ettertid finn grunn til å sjå som *vesentlig* ved den same tida. Da vil dei også kunne fungere som byggsteinar i historisk teori. Samtidig skal historisk teori (like mye som teori i andre vitskapar) eigne seg til å få fram best mulige bilde av samanhengar. I forlenginga av det som til no er sagt om det narrative som vesentlig ved det å forklare og å tenke historisk, kan historisk teori sjåast som ein narrativ konstruksjon der historiske begrep blir knytta i hop på ein måte som gir ei bestemt historie ein forklarande *tråd*. Det er denne «tråden» fleire narrativ-teoretikarar har kalla «plot». Det betyr i litteraturvitskapen fabel, intrige eller kjerne av handlingsgang. I historiefaglig og norskpråklig samanheng rekk det trulig lenge med begrepet «tråd» for å vise til den kjernen i ei historie som ein må følgje for å begripe korleis ho heng saman frå ein ende til ein annan.

Her er det *forteljaren* kjem inn som så avgjerande viktig i eit syn på historieskriving som forteljande. Ein forteljande tråd kan berre finnast i ei historie som er fortald om noe, altså i noe som berre kan vera laga etter at det historia handlar om, har hendt. Og på same måte som tråden i ei forteljing ikkje alt ligg fiks ferdig i dei hendingane ho handlar om, men blir strekt opp og knytta ihop av ein aktiv og skapande forteljar, er heller ikkje historisk teori noe som alt ligg i fortida, eller kjeldene frå ho, klart til å bli oppdaga og skrive ut av ein historikar. Tråden – som den historiske teorien – blir konstruert av ein skapande forteljar på grunnlag av det han eller ho veit om – og ikkje minst: finn vesentlig ved – dei forholda og fenomena historia skal handle om.

Enno er likevel mye usagt når det gjeld å karakterisere den konstruksjonsprosessen som ligg i det forteljande ved å skrive og tenke historisk. Sjøl om Jörn Rüsen i liten grad har gått grundig inn på Hayden White sitt syn på historieskrivinga som litterær verksemrd, har han fleire gonger uttrykt seg skeptisk til å sjå historisk erkjenning som noe litterært, poetisk eller retorisk.²⁷ For Rüsen

27 J. Rüsen, *Historische Vernunft. Grundzüge einer Historik I: Die Grundlagen der Geschichtswissenschaft*, Göttingen 1983:109f, Rüsen 1986:55, J. Rüsen, Narrativität und Modernität in der Geschichtswissenschaft, i P. Rossi (Hg), *Theorie der modernen Geschichtsschreibung*, Frankfurt 1987:234, J. Rüsen, *Zeit und Sinn. Strategien historischen Denkens*, Frankfurt 1990:150f og 154f. At hans konsept som Ankersmit (1989) meiner, likevel på vesentlige måtar *eigentlig* stemmer godt overeins med Hayden White sitt, ser eg ikkje bort i frå. Men at det også skulle gjelde analogien mellom historie og litteratur eller poesi, verkar lite overtydande etter å ha lese det Rüsen har skrive om dette.

er den forklarande og begripeliggjørende evnen til historieskrivinga ufråvikelig knytta til krav om teoretiske begrep. Når også han bruker «plot» for å illustrere korleis ei historie blir konstruert, er det heile tida klårt at poenget ikkje er å jamnstille det med eit litterært grep. Det er meir meint som analogi for å få fram visse særtrekk ved historiske teoriar:

«Sie sind Konstrukte von Geschichten, Erzählgerüste, Baupläne (oder wie immer man sie metaphorisch bezeichnen mag) und dienen dazu, historische Erklärungen auch dort durchsichtig zu machen, wo nicht nur nomologisches oder hermeneutisches Wissen mit seinen Theorieelementen hilfsweise verwendet werden, sondern die erzählende Präsentation eines zeitlichen Verlaufs selber eine Erklärungsfunktion hat».²⁸

Ein annan stad seier Rüsens at

«Historische Theorien sind nun nichts anderes als explizite und begründete narrative Konstrukte». ²⁹

Men han presiserer òg at ei historie ikkje kan reduserast til den teorien ho er bygd opp omkring. Ho må forteljast med empirisk kjøtt og blod for å kunne gi heile sitt «Sinn». ³⁰ Når ein i konstruksjonen av ei slik historie likevel er avhengig av teoretiske begrep, er det fordi det er dei som gjer ein i stand til klårt og medvite å klassifisere, karakterisere, periodisere og å skilje vesentlig frå uvesentlig i historia. ³¹

Det er vorte reist tvil om korleis ein innanfor eit narrativt konsept kan ha klåre kriterie for kva ein skal ta med i forteljinga og ikkje, og korleis ein narrativt kan forklare store og samansette prosessar, som t.d. industrialiseringa i Noreg. Dette er tvil det er rimelig å reise viss det narrative blir sett einsidig som «fortløpende fortelling», der vekta ligg på kronologi. ³² Men for at noe skal bli ei narrativ historie, må ho ha ein dimensjon attåt den kronologiske, nemlig ein konfigurativ. Den første går ut på å ordne elementa etter kvarandre i tid, som når ein svarer på spørsmål som «kva skjedde så?». Den andre går ut på å konstruere meiningsfull heilskap og samanheng ut av elementa. ³³ For å få til det siste, må ein også ofte gå utanfor kronologien og ordne momenta i forhold til kvarandre på ein måte som gir den beste forklarande tråden. Det er det siste som er å lage forteljing og narrativ historie, til forskjell frå krønike, der elementa berre er ordna kronologisk. Å

komme ut over krøniken krev ein forteljar som aktivt ordnar, konfigurerer, elementa til eit samanhengande heile langs ein tråd eller teori. Slik bør ein i høgste grad kunne tenke seg narrativt framstilt og begripeliggjort den norske industrialiseringa, og i prinsippet ikkje noe mindre slike «store» fenomen enn sjøl dei «minste» hendingane i daglivet (jmfr ovanfor om «petite histoire»). I begge tilfelle er vi ute etter å forklare kva som eigentlig skjedde, og i begge tilfelle svarar vi på det ved å lage ein bestemt forteljande konstruksjon over det vi veit om hendingane. Det krev begrep og teori til å sortere, avgjera kva som er relevant og vesentlig, og til å forklare med.

I forlenginga av dette er det kanskje også mulig å vri litt på dei gamle orda om å skrive historie «wie es eigentlich gewesen ist». Ein treng neppe blande seg inn i noen debatt om kva gamle Ranke kan ha meint med dette uttrykket, for å spørje seg om det kan brukast til å grunngi anna enn empirisme. ³⁴ Om ein i spørsmålet «korleis noe eigentlig var», legg vekta på «var», kan det sjå ut som ein vil komme eit stykke på veg ved å «fortelje» detaljert og faktarefererande kva som skjedde på ulike tidspunkt. Men om vekta ligg på «eigentlig», krev det ein *forteljar* som aktivt ordnar det han veit om kva som skjedde, og det på ein måte som får det til å gå opp for tilhøraren både korleis det heile hang saman, og kva som ut frå bestemte problemstillingar er verdt å sjå som vesentlig ved det som skjedde. ³⁵ Ein kan berre tenke på korleis ein i daglivet svarer på spørsmål som: «du, kva var det *eigentlig* som skjedde i går?». Ein blir da gjerne lite tilfreds om svaret *berre* inneheld ei oppramsing av data og fakta, same kor sanne dei er. Som regel er eit godt svar på eit slikt spørsmål nettopp mulig å gi berre som ein forteljande konstruksjon der elementa blir gitt mening i forhold til kvarandre og føyd saman til eit begripelig heile ved hjelp av ordnande begrep, *teori* om ein vil.

På same måte som ordnande tråd er nødvendig i god forteljing, er teori nødvendig i narrativ historieskriving. Som Ricoeur seier:

«To narrate and to follow a story is already to 'reflect upon' events with the aim of encompassing them in successive totalities». ³⁶

Og det krev ein forteljar som ordnar det heile. I Rüsens sitt konsept inneber det som sagt nettopp klårt uttrykte teoretiske begrep.

28 Rüsens 1986: 47.

29 Rüsens, i Rossi 1987: 235.

30 Rüsens 1986: 78.

31 Rüsens 1986: 72ff går igjennom ti funksjonar teori har i narrativ historieskriving.

32 Jmfr Kjeldstadli 1992: 119.

33 P. Ricoeur, *Hermeneutics and the Human Science: essays on language, action and interpretation*, Cambridge 1981: 278.

34 Når det gjeld Leopold von Ranke som empirist, må likevel nemnast at det blir hevdat at det bildet av han eigentlig vart skapt først da han mot slutten av 1800-talet vart gjort til klassikar. Jmfr K. Venneslan, *Historieteorি. Studier i Droysens «Historik»*. Del 1, AHS Serie B, Universitetet i Bergen 1991: 124, han har i eit vedlegg ein oversikt over den tyske tradisjon innan historieteorien på 1800-talet.

35 Jmfr Rüsens sin liknande argumentasjon «um das bekannte Ranke-Wort zu Ehren bringen». For han uttrykker «gewesen» ein «Vergangenheitsbezug», medan «eigentlich» uttrykker ein «Gegenwarts- und Zukunftsbezug» (Rüsens 1986:82f).

36 P. Ricoeur 1981:279.

Slik sett bør narrativ historie heller ikkje, som noen ser ut til å tru, gå ut på å underså at historia faktisk er laga av ein forteljar, men nettopp å sette historikaren i sentrum som forteljande, ordnande og styrande – og ikkje minst vise han fram for lesaren som det. Viss det skjer, inneber heller ikkje det å rekonstruere fortidige forhold på ein innlevande måte å lure lesaren til å tru at han eller ho får den einaste mulige eller sjølve *den endelige versjonen*. Eit narrativt konsept som utlagt her, kan tvert imot vera ein utveg til å unngå at innlevande skildringar går ut over kritisk avstand, noe fleire elles har halde fram som ein fare.³⁷

IV

Noe som ofte blir hevda som problematisk ved å sjå det å skrive historie som noe narrativt, er kva krav som skal stillast til ein «narrativ tråd» for at den skal vera akseptabel som begripeliggjerrande for ei historie. I alle historier finst setningar av typen «derfor...», det vil seie setningar som forklarer noe ved å knyte det til ein eller annan årsak eller grunn. Da trengst sjølsagt begrep for årsaker eller grunnar. Men også for det ei narrativ historie i følgje Rüsen må gi rom for ut over det, trengst teoretiske begrep. Å seie at ei historie blir bunde saman og dermed forklart når ho er vorte «emplotted», gitt ein tråd, på ein måte som gjer at andre kan «følgje» ho, verkar vagt.³⁸ Alternativet må vera å krevje av samanbindinga at ho skal vera bygd på ein klår historisk teori, som igjen er laga av stødige byggesteinar av historiske begrep, slik som vist ovanfor. Det løyser likevel ikkje problemet med kva kriterie som skal gjelde for å kunne seie sikkert når ein teori oppfyller kravet om å gjera noe begripelig på ein akseptabel måte.

Det rører også med kva krav til «sanning» som følgjer av å sjå det å skrive historie som noe grunnleggande narrativt. Tradisjonelt blir sanning i historieskrivinga sett først og fremst som eit spørsmål om *korrespondanse*, at det ein skriv, svarer til noe som verkelig har hendt. I narrative historiekonsept blir i tillegg ei avgjerande vekt lagt på *koherens*, samanheng mellom dei ulike delane i forteljinga, og som heilskap. Utan det blir det ikkje «sann historie» same kor mye kvart enkelt fakta i framstillinga korresponderer med noe som har hendt.

Men kva slags samanknyting til eit heile tilfredsstiller kravet om koherens? Kva kjenneteiknar denne samanknytinga, eller det som gjerne blir kalla «*emplotment*», i ei historisk forteljing, og kva skil ho frå (andre?) litterære forteljingar?

Også i følgje Hayden White handlar koherens om logikk, ikkje om retorikk.³⁹ Samtidig er han blant dei som har gått langt i å sjå det å skrive historie som ein måte å skape forståing på som liknar anna litteratur – også den av meir dikta art. Det treng ikkje bety å tillate oppdikta «fakta» i historia. Men det opnar for relativisme. For White er det

«the choice of the story type and its imposition upon the events that endow them with meaning».⁴⁰

Problemet ligg da i om det «valet» er noe som kan gjerast til tema for rasjonell diskusjon om kva for «story» som gir det mest fruktbare og riktige bildet av noe. For det må vera eit krav. Og igjen ser det ut til at det best blir oppfylt om historia blir bygd på klår og ope teoretisk refleksjon. Rüsen seier det slik – etter å ha gått igjennom ulike krav til sanning i historiefaget, frå det å kunne etterprøvast empirisk til det å kunne diskuterast som sann eller ikkje som narrativ syntese:

«Hinsichtlich der narrativen Triftigkeit werden Geschichten wissenschaftlich, wenn ihre Erzählungen den Regeln der konstruktiven Theoriebildung folgen».⁴¹

Det krev at historikaren gjer ope greie for kva for reglar ei historie er konstruert etter, kva kriterie som har vore avgjerande for kva som er relevant å ha med og kva som har vore styrande for oppbygginga til ein samanhengende heilskap. Det er det som skal til for å gjera ei historie mulig å diskutere kritisk som narrativ konstruksjon, og ikkje berre som sann eller ikkje i forhold til eit empirisk grunnlag.

Det same sanningskravet blir dunkelt og vanskelig å diskutere ut ifrå om ein berre seier at ei narrativ historie er «sjølvforklarande», og at «forløpet må vere 'akseptabelt trass i alt', snarare enn predikerbart».⁴² Sanninga i ei historie kan da lett bli eit spørsmål om kva ein kulturkrins ser som logisk og rasjonelt, og kva den legg til grunn for å godta historier som begripelige eller tilstrekkelig forklarte. For det varierer både mellom kulturar og over tid. I det minste ser det ut til å følgje av ein slik posisjon at det blir vanskelig å halde fast ved at berre *ein* bestemt rasjonalitet kan gjerast til *det allmenne grunnlaget* for å avgjera når historier skal godtakast som forklarte.⁴³ Men det kan diskuterast om det i seg sjøl treng å vera særlig farefullt viss forteljinga ope og utilslørt også fortel kva slags logikk ho

37 Fleire av desse siste tenkelige innvendingane mot narrasjonen som form er nemnt i Kjeldstadli 1992: 287. Når det gjeld forholdet mellom innleining og avstand, sjå også P. Maurseth, Mellom Seip og Bull. Tilbakeblikk på en jubileumsdebatt, i P. Fuglum og J. Simensen (red), *Historie nedenfra. Festskrift til Edvard Bull på 70-årsdagen*, Trondheim 1984:148.

38 P. Norman, Telling it like it was: Historical narratives on their own terms, i *History and Theory* Vol XXX, No 2: 125 (note 17).

39 White 1987: 74.

40 Sitert etter Norman 1991:121.

41 Rüsen 1983:116 (sitatet) og elles s.108ff.

42 Fulsås, Fortelling og historie..., 1989: 49, som her bygger på W.B. Gallie. Det same finst gjort greie for hos Ricoeur 1981: 277, jmfr også Foss 1989: 29.

43 P.A. Roth, Narrative Explanations: The Case of History, i *History and Theory* Vol XXVII 1988: 3 og 12.

bygger på. Som Knut Kjeldstadli seier, finst kanskje «mellan det absolutte og det relative» ein relasjonell ståstad, som gjer det mulig å diskutere historiske teoriar i relasjon til bestemte og ope uttrykte føresetnader.⁴⁴

Spørsmålet om kva krav som skal stillast til tråden i ei historie for å akseptere den som begripeliggjande godt nok, fører også over i eit anna spørsmål: kva plass kan det vi gjerne forbind med god forteljing i form av estetikk og fantasi forvarast å ha i historieskrivinga – for er ikkje slikt ofte viktig for kva som blir funne overtydande fortald? Som Hayden White skriv, det narrative ved historieskrivinga er først og fremst eit spørsmål om epistemologi, ikkje om estetikk.⁴⁵ Hovudpoenget hans er ikkje forteljing som stil, men at historisk og dikta litteratur har mye felles både når det gjeld narrativ struktur og måte å skape forståing på. Viss det er slik at det å fortelje står i eit innvendig forhold til det å forklare, er det likevel rimelig å spørje om ikkje ein forteljar som er flink med litterære knep, lett kan få folk til å tru at noe er akseptabelt forklart på falske premissar.

Her er det at krava til ope og utilslørt teoretisk refleksjon igjen blir viktig for å gjera den godt fortalte historia mest mulig gjennomsiktig og kritiserbar. Og i fall det kravet er oppfylt, kan spørsmålet om estetikk kanskje stillast annleis: står det estetisk gode *da* i motstrid til det vitskaplige ved ei historie? For Ranke, ein av grunnleggarane av historie som moderne vitskap, gjekk vitskappliggjeringa hand i hand med å tilføre historieskrivinga litterær kvalitet. Han innførte strenge reglar for metodisk kjeldekritikk, og meinte at historikaren skulle få fram «wie es eigentlich gewesen ist». Men i følgje Jörn Rüsen var det innslaga av fiksjon i den gamle historieskrivinga Ranke ville bort i frå, ikkje vekta på det estetiske.⁴⁶ Å ta seg av det siste bør kanskje heller ikkje i dag overlatast til folk som vil føre historieskrivinga tilbake til førmoderne retorikk og leik med ord.

Fleire narrativeteoretikarar meiner historieskriving har noe til felles med kunst. Paul Ricoeur seier at

«..there is more fiction in history than the positivist conception of history admits».

Han tenker da på kor viktig «imaginative reconstruction» er i historikaren sitt arbeid.

«..history is both a literary artefact (and in this sense a fiction) and a representation of reality»,

skriv han. Samtidig åtvarar han mot å misforstå

44 Kjeldstadli 1992: 292.

45 White 1972: 12.

46 J. Rüsen, Rhetoric and Aesthetics of History: Leopold von Ranke, i *History and Theory* Vol XXIX, No 2 1990.

«this 'fictional' representation of reality as excluding rules of 'evidence' which history shares with other sciences (even though documentary evidence may be of a peculiar character)».⁴⁷

Ricoeur er ein av dei narrativeteoretikarane som såleis eigentlig skil skarpt mellom fiktiv forteljing og vitskaplig historie, fordi det siste har krav på seg til å handle om forhold som verkelig har hendt. Men det hindrar altså ikkje at han er oppteken av å ta vare på og bevisstgjera betydninga av skapande og kreativ fantasi i historieskrivinga.⁴⁸

Å bruke kreativ fantasi for å skildre t.d. atmosfæren i ein situasjon, er ofte nyttig for å få fram viktige samanhengar i ei historie. Ein treng ikkje redusere historieskrivinga til «reenactment» av fortida sine tankar, som Collingwood sa, for å meine det. Ofte skjønner ein berre gjennom inngåande skildringar av den verda folk har levd i, kvifor dei gjorde som dei gjorde. At det rekonstruerte bildet må kunne forvarast i forhold til kjeldene, tilseier ikkje at ein skal arbeide utan fantasi når ein teiknar det. Berre ved at ein sjøl er i stand til å finne på noe nytt ut over det som strengt teke kan lesast direkte ut av kjeldene, kan eit historisk materiale bli bearbeidd til historie. Same kor mye ein trur ein kan la kjeldene tale, blir det lite historie av det om ein historikar nekta kjeldene å møte ein kreativ tanke. På det punktet gjekk sjøl Ranke så langt som å seie at

«Die Historie unterscheidet sich dadurch von anderen Wissenschaften, dass sie zugleich Kunst ist. Wissenschaft ist sie: indem sie sammelt, findet, durchdringt; Kunst, indem sie das Gefundene, Erkannte wieder gestaltet, darstellt» (mi uth).⁴⁹

Jörn Rüsen har hos Ranke funne ei foreining av det vitskaplig og estetisk skapande som han meiner mange i dag har glømt er mulig. Det gjeld både «postmodernistar» som lett gjer historie til rein retorisk leik, og mange «moderne» historikarar som ser vitskap og kunst som uforeinelig. Lenge etter Ranke gjekk dei to sidene godt i hop i mye som vart skrive av historie, til og med på vitskaplig høgt plan. Theodor Mommsen fekk i 1902 Nobels litteraturpris for si *Römische Geschichte*, som samtidig vart sett som god vitskaplig historie.⁵⁰

No kan ein godt meine at dette berre viser at ein kan skrive godt estetisk og godt vitskaplig på same tid. *Det* er kan hende ikkje uviktig å slå fast i seg sjøl. Men eit spørsmål ein kunne ha gått vidare på i fleire retningar, er korleis dei to sidene ikkje berre kan sameksistere, men kanskje henge saman – og kva *det* i så fall kan innebera.

47 Ricoeur 1981: 289ff.

48 Ricoeur er utførlig presentert av Fulsås, Fortelling og historie.., 1989: 53ff.

49 Sitert etter Rüsen, Rhetoric and Aestetics.., 1990: 193.

50 Rüsen, Rhetoric and Aestetics.. 1990.

Ein situasjon der det ofte kan vera nyttig for forskaren med skaparevner som liknar kunstnaren sine, er nettopp når han eller ho utviklar begrep og teoriar om samanhengar. Sjøl om den fantasien ein da gjerne dreg nytte av, må disiplinerast i møtet med kjeldene, bør ikkje den sida av begreps- og teoriutviklinga sjåast som utvendig i forhold til sjølve analysen. Weber sin bruk av idealtypar var trulig eit eksempel på korleis artistisk fantasi var med på å utvikle begrep som både skjerpa analysen og klårgjorde i framstillinga. At fantasi er eit gode i slike samanhengar er det neppe mye grunn til å vera usamdi, så lenge resultata av analysen blir empirisk underbygd. Men det finst dei som ut frå narrative historiekonsept vil stille meir radikale spørsmål ved skiljet mellom faktisk og fiktiv historie, og ved kva ein som historikar eigentlig har å gjera med av «realitet». Her skal slike tankar berre streifast kort og førebels.

Til no er det narrative her vorte sett først og fremst som noe historikaren påfører historia, noe skapt i notida *om* fortida. Men det kan også gjerast til spørsmål om i kva form fortida «er» for historikaren, om ho verkelig «er» slik at ho let seg framstille narrativt. Kritikarar har meint at narrativ historieskriving påtvinger fortida ein struktur ho ikkje har, at det å gjera historie til forteljing er å gjera vold på fortida fordi ho rett og slett ikkje har eksistert seg som forteljing. Eit svar noen har gitt på det, er at fortida heller ikkje *har* noen ikkje-narrativ eksistens. Ho ligg ikkje framfor historikaren som ei urørt, dydig og ufortald verd klar til å bli fortald. På same måte som vi er i stand til å tenke på, og å snakke om, våre eigne liv fordi dei alt «finst» for oss som narrativt strukturerte, er fortida berre tilgjengelig for oss som for lengst narrativt strukturert. For eksempel er D-dagen noe som alt eksisterer for oss som narrativt knytta til krigen og freden i 1945. Når historikaren «møter» D-dagen, står han såleis ikkje overfor eit ufortald og urørt fenomen i form av alt det som verkelig hendte i løpet av 24 timer i eit visst døgn i tida.⁵¹ Dette er vorte hevda å gjelde ikkje berre «store» og kjente (og mye omtalte) hendingar. Dei som står for eit slikt syn, meiner det narrativt strukturerte pregar sjøl dei minste bitane vi lager historie av. Vansklig finn vi «uskuldige» data som ikkje i seg sjøl eigentlig er narrative bilde av noe, eller som alt står i ein narrativ samanheng til eit heile. Dette er vorte hevda til forsvar for det narrative mot kritikarar som krev sanning først og fremst som korrespondanse mellom historie og fortid. For viss det historikaren har framfor seg, alt finst som narrativt strukturert, kan det heller ikkje vera irrelevant å framstille det narrativt.

Dette løyser ikkje spørsmålet om korleis ein skal kunne avgjera kva som er den riktigaste historiske forteljinga om noe. Tvert imot ligg det nær å oppfatte det som eit steg i retning av å løyse opp heile spørsmålet, fordi det gjer det vanskelig å snakke om noe handfast og konkret å sette det ein skriv, opp imot. På den andre sida opnar det også for å tenke seg nye måtar å oppfylle kravet om korrespondanse på, da med referanse til noe fortidig som eksisterer ikkje som direkte gitt og

ufortald, men som i seg sjøl narrativt strukturert. Kor som er hørest dette problematisk. Som Andrew Norman seier, er det vanskelig for oss å «make sense of a notion of a past that is 'already' narratively structured». I alle fall kan ein med tanke på den definisjonen vi starta med av forteljing som noe som er konstruert omkring ein klår tråd, spørje seg om alt vi har av kjelder og levningar som «fortel» oss noe om fortida, også kvar for seg har ein slik tråd.⁵²

Som vi ser, kan ein få følgjene av eit narrativt historiekonsept til å framstå som grensesprengande, og i noen sine auge dramatiske. Men dei kan også avdramatiserast.

For det første treng heller ikkje ei vektlegging av det narrativt strukturerte ved det historikaren «møter» som «fortid», peike bort frå krava om at historie skal handle *om* noe som *har* vore, eller bort frå pliktene til kritisk gransking av kjeldene. Kor som er kan det, som Jorma Kalela seier, vera viktig å skilje mellom det som ein gong i fortida verkelig har skjedd, den «konkreta händelsen», og det ei kjelde fortel, «den narrativa händelsen».⁵³ Vidare kan ei problematisering av kva vi som historikarar har å gjera med som historisk «realitet», og av kva vi eigentlig er ute etter å analysere, også sjåast som eit høve til å opne nye måtar å studere historie på, t.d. gjennom språk- og tekstanalytiske metodar.⁵⁴

For det andre er dette berre ein av fleire vegar ein kan gå under ein narrativ paraply. Å sjå det å skrive historie som noe forteljande, krev neppe at ein også ser det fortidige som noe narrativt strukturert *i seg sjøl*, i alle fall ikkje i streng forstand, slik at det fortidige berre «er forteljing». Ein må kunne forklare forteljande noe som ikkje i seg sjøl har eksistens som forteljing.

Vidare må ein kunne forene det narrative med krava til vitskaplig metode. Sjøl om Jörn Rüsen ser det som gjer historieskriving spesifikt historisk, som noe forteljande, er han som nemnt skeptisk til å sjå historiske tekstar som rett og slett litteratur.

«... es sei (...) mit der Wissenschaftlichkeit der Geschichts darstellung sehr schlecht bestellt, wenn die Prinzipien, nach denen die Vergangenheit als Geschichte vergegenwärtigt werde, Prinzipien des bloss litterarischen Erzählers und nicht einer davon klar unterscheidbaren methodischen Operation mit einer für die Geschichte als Wissenschaft konstitutive Rationalität sei. Die Qualität eines Historikers könne nicht an derjenigen seiner Feder, sondern müsse an derjenigen seines Verstandes gemessen werden».⁵⁵

52 Ibid: 125.

53 J. Kalela, En historikers händelse? Kulturella mönster och samhälleliga förhållanden i kållornas läsart, i A. Brändström og S. Åkerman (red), *Icke skriftliga kållor*. XXI Nordiska historikermøtet Umeå 1991: 73ff.

54 Jmf t.d. L.S. Kramer, Literature, Criticism and Historical Imagination: The Literary Challenge of Hayden White and Dominick LaCapra, i L. Hunt (ed), *The New Cultural History*, California 1989.

55 Rüsen 1983:109f.

Sjølsagt kan ein her spørje seg om den skapande skriveprosessen i det heile kan sjåast som utvendig i forhold til erkjenninga, og om det ikkje alltid vil finnast viktige samband mellom språk og forstand. Men poenget til Rüsen er eit anna, å åtvare mot metodisk utglidning. Han har i ein annan samanheng kritisert fleire kjente narrativteoretikarar for å sjå det narrative ved historieskrivinga lausrive frå den historievitskaplige metodelæra.

«..die lingvistischen Analysen historiographischer Texte ignorieren sowohl in ihrer konzeptuellen Zugriffen auf das historiographische Material wie auch in ihren historischen Analysen die *historische Forschung* und lassen sie höchstens als rationalistische Verblendung einer Poetischen Praxis erscheinen» (mi uth).⁵⁶

I dette ligg ein forskjell på Rüsen sitt konsept for narrativ historie og det som i angloamerikansk debatt er vorte kjent som narrativisme under særleg Hayden White sitt merke. Kor fundamental forskjellen er, står det att å avgjera, men den er der.

V

Meininga har ikkje her vore å ta stilling til dei ulike vegane og blindvegane som måtte finnast mellom det som blir presentert som narrative historiekonsept. Formålet har meir vore å følgje eit stykke på veg noen argument for å sjå det forteljande som ei vesentlig side ved det å skrive og tenke historisk. Mye står enno att å avkläre.

Når det narrative i seinare år er vorte viktig for mange innan historiefaget, er det som sagt ut frå fleire ståstad og teoretiske posisjonar. I mi utlegging her har eg vald å legge hovudvekta særleg på éin måte å sjå betydninga av det narrative på, den som Jörn Rüsen står for. Ein konklusjon i tråd med hans syn kunne vera å seie at det forteljande ikkje er det som gjer historiefaget vitskaplig, for forteljing er ikkje i seg sjøl vitskaplig. Det forteljande kan heller sjåast som det som gjer denne spesielle vitskapen historisk. For Rüsen er det å vise til korleis ein bruker historiske kjelder på ein metodisk rasjonell måte, ikkje nok til å identifisere kva slags disiplin historiefaget er:

«.. this self-understanding of historians lacks insight into the fundamental practical function of historical narration».⁵⁷

Eit spørsmål mange vil reise, er korleis eit slikt perspektiv eigentlig forheld seg til andre syn på historie som ein særeigen vitskap – som tolkande, idiografisk og

56 J. Rüsen, Historische Methode, i C. Meier u. J. Rüsen (Hg), *Historische Methode. Theorie der Geschichte. Beiträge zur Historik*, Band 5, München 1988: 67.

57 J. Rüsen, Historical narration: foundation, types, reason, i *History and Theory*. Beiheft 26, 1987: 96.

individualiserande i motsetning til nomotetisk og generaliserande. I følgje Jörn Rüsen strekk ikkje desse gamle skilja til, fordi historikaren i forskingsprosessen kor som er både bruker generaliseringar og hjelper seg med lovaktige teoriutsegner. Det narrative blir for han ein alternativ måte å grunngi historie som noc særeige på, eit slags «tredje standpunkt» i forhold til gamle motsetningar mellom positivism og hermeneutikk, vil noen seie.⁵⁸

Dermed er ikkje sagt kor mye eit slikt konsept kan hjelpe oss til å skilje ikkje berre historie frå ikkje-historie, men noe så viktig som god frå dårlig historie. Ein stor debattlitteratur finst om desse spørsmåla. Den spede lesinga i den som ligg til grunn for denne artikkelen, taler for å trø forsiktig – såvel med å forkaste som med å slutte seg til. I denne omgangen har hovudmålet vore å få fram at forteljande historie ikkje bør oppfattast som deskriptiv framstilling der detaljar om laust og fast er med i ein ustukturert straum som gjer at teori og argumentasjon blir lagt i tåka. Sjøl om det for noen og einkvar kan vera vanskelig å unngå slikt, er det ingen grunn til å forsvare det. Av tåkeprat blir det også sjeldan god forteljing i allmenn forstand. Eit forbilde i så måte kan kanskje vera den gode detektivforteljinga, eller eventyret, der ein med minst mulig forstyrring av unødige detaljar blir leia av ein utilslørt forteljar gjennom dei absolutt mest vesentlige hendingane langs ein klår tråd mot ein ende, og der ein til slutt blir sittande att med ei tydelig oppfatning om løysinga, samanhengen, ideen, eller som i eventyret: moralen. Ut frå ein slik tankegang er det lite grunn til å tvile på at nettopp god forteljing og teoretisk medvit kan foreinast til god historieskriving.

Ingar Kaldal, f. 1955, frå 1991 vikar som førsteamanuensis ved Historisk Institutt i Trondheim. Adresse: Historisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll.

SUMMARY:

Telling, explaining and thinking historically

Over the past few years the narrative element of writing history has again gained topical interest. There are two aspects of this development: first, the renaissance of the «story-telling» style. In part, this may be seen as a reaction against linguistically difficult and abstract versions of history, which tended to be the general norm under the influence of the social sciences in the 1970s. Second, many have reached the conclusion that the very nature of history as a subject has something basically narrative about it, extending beyond what we do when we present our results: perhaps historical analysis and explanation is indeed a matter of thinking in a narrative way. This article examines some arguments in favour of such a view, and considers how the narrative approach may also be combined with the requirement of theoretical reflection and awareness.

According to the German theoretician of history Jörn Rüsen, the narrative element is

58 Rüsen 1987: 230ff, om det narrative som tredje standpunkt, sjå Kjeldstadli 1992: 119.

present in the very way in which a historian chooses to explain the processes of change. Even though a historian will always employ both nomological and intentional explanations, the historical explanation must provide *something* beyond this in order to be regarded as specifically historical. Among other things, it must be able to include a contingent element, the non-necessary, rather than only what necessarily has to follow from certain causes or intentions. This contingency is given its legitimate place only in the narrative of a given historical process. Moreover, it is impossible to reduce that narration to fit within a nomological or an intentional model of explanation. Therefore, history as a subject needs a concept of narrative explanation.

Furthermore, in a view of writing history as narrative, it is important to keep in mind that the historian establishes narrative coherence when constructing unity, namely by giving the story a narrative thread which holds it together. This is what Hayden White and others have called «emplotment». There are, however, several views as to what may constitute this «emplotment» in a scientific, historical context. For Hayden White, this is a literary concept, and he sees the historian's construction of unity in the same way as any other author of literature does. How is it then possible to discuss and determine what is the most accurate story about an event or a process? Maybe the danger of relativization of this question can be avoided by building an account on clearly defined theoretical concepts. Furthermore, in Jörn Rüsen's view, historical theories are simply narrative constructions. His idea for writing history therefore contains the argument that the narrative and the theory should be seen not as opposites, but as equally necessary and mutual elements in good historical writing. These, then, are the arguments which are presented and discussed in this article.